

# Detaljreguleringsplan for Hardanger Lift

---

## Reguleringsføresegner

PlanID 4618\_2020010

## 1. Siktemålet med planen

---

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utvikling av arealet under Skalltaket frå det gamle smelteverket i Odda sentrum, ei pendelbane til fjellet Rossnos 1407 moh, restaurant- og opplevingssenter og ei kort rundløype på fjellet som formidlar historie og særeigne kvalitetar frå området. Hovudsiktemålet med tiltaket er:

- å styrke Ullensvang kommune og Hardanger som reisemål, samt å auke verdiskaping og heilårs sysselsetting i reiselivsnæringa
- å styrke Ullensvang kommune og Hardanger som lokalsamfunn gjennom komplementære arbeidsplassar for øvrig næringsliv og tilrettelegging for ein arena for natur- og kulturbasert aktivitet for innbyggjarane samt generell bulyst. «Ein god plass å bu, er ein god plass å besøke».
- Sørge for avbøtande tiltak for å redusere påverknad på naturressursar, villreinen spesifikt, og tiltak som bidreg til auka samla total verdiskaping (miljømessig, sosial, økonomisk og kulturell) frå naturressursane i området

### 1.1 Plankart

Reguleringsplan med tilhøyrande plankart er regulert i to vertikalnivå. Vertikalnivå 2 på bakkenivå, og vertikalnivå 3 over bakkenivå. Reguleringsformål for bakkenivå gjeld i alle vertikalnivå der det ikkje er erstatta av plankart for anna vertikalnivå.

## 2. Fellesføresegner for heile planområdet

---

- **Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)**

- *Universell utforming*

Innanfor planområdet skal alle nye tilkomstareal (gangveg, gatetun) i sentrum stette krav til universell utforming. Tilkost frå pendelbane til bygg med naudsynte publikumsfunksjonar på toppstasjonen, skal vere universelt utforma. Innanfor det nære friluftsalet omkring toppstasjonsanlegget kan det etablerast universelt utforma gangveg.

- *Terrenghandsaming*

Det skal leggjast vekt på skånsam terrenghandsaming innanfor planområdet. Plassering og utforming av bygg og anlegg i sentrumsområdet skal tilpasse seg bystruktur. Plassering og utforming av bygg og anlegg i øvre del av området skal best mogleg underordnast landskap og natur i området. Det tillatast ikkje planering i større utstrekning enn for byggegrep, tilkomst/gangveg, VA-anlegg og anna naudsynt teknisk anlegg. Evt. fylling/skjering skal ikkje vere synleg ved ferdigstilling av tiltak.

- *Flytting av masser og tilsåing*

Det tillatast kun fjerning av vegetasjon som er nødvendig for plassering av bygningar, anlegg av tilkomst, VA-anlegg og anna teknisk infrastruktur. I byggeområder, grøntområde og friområde skal skog- og terrenghandsaming ha som hovudmål å bevare landskapets utmarkskarakter og rekreasjonsverdi. Ved flytting av masser må det undersøkast om massane inneheld svartelista artar. Slik masse skal ikkje nyttast innanfor området for å hindre spreieing av framande artar. Ved tilsåing skal det nyttast stadeigne artar.

– *Renovasjon*

Avfallshandtering i sentrum skal integrerast i hovudbygg på BAS1, eller som nedgravde løysingar. Innanfor områda BAS1, o\_SGT\_1, og o\_SPP1 skal det leggjast til rette for kjeldesortering i 5 fraksjonar. Nedkast til nedgravde renovasjonskontainarar skal vera tilgjengelege for rørslehemma. Renovasjonsbil skal ha tilkomst for henting frå o\_SVT1-2 og o\_SKV1-3.

– *Kraftforsyning*

Botnstasjonen skal koplast til eksisterande straumnett. Behovet for kraftforsyning for toppstasjon er i all hovudsak knytt til drifta av restauranten, då sjølv kabelbana er plassert i botnstasjonen. Straumforsyning til toppstasjon skjer i form av ein kombinasjon av solenergi, vind, jord-/fjellvarme evt. med tilkopling til offentleg nett.

– *Handtering av overvatn*

Handtering av overvatn skal inngå i detaljprosjekteringa av tiltak, og det skal i prosjekteringa takast høgde for framtidig auke i nedbør. Innanfor friluftsområde skal overflatevatn i hovudsak handsamast i opne vassvegar, og vere ein integrert del av friluftsområdet sin opplevingskvalitet.

● **Miljøkvalitet (til dømes knytt til støy og forureining) (§ 12-7 nr. 3)**

– *Støy*

Grenseverdiar for støy skal overhaldast, krav i retningslinjer T-1442 skal leggjast til grunn.

– *Drikkevatt*

Forsyning av forbruksvatn skal løysast ved å bore brønner på toppunktet. Endeleg lokalisering av drikkevatt skal avklarast i samband med byggjeløyve.

– *Avlaup*

Avlaup skal løysast ved bruk av anten lokalt reinseanlegg på toppen basert på filtrering og kjemisk reinsing (MBR-system) samt etterpoleringsanlegg med avlaup anten til bekkane nord for Rossnos, eller tilknytning til offentleg nett i Odda. Avlaupssystemet skal følgje forureiningslova sine krav og ikkje føre til forureining til omgivnaden. Endeleg lokalisering av avlaupsløysing skal avklarast i samband med byggjeløyve.

● **Samfunnstryggleik (§ 12-7 nr. 1, 2, 4)**

– *Ras- og skredfare*

Sikring mot nedfall frå eksisterande og nye skjeringar i samband med grunnarbeid skal planleggast og utførast i samråd med geolog og i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrifter og fastlagte tiltaksplanar.

– *Stabilitet*

Sikring av områdestabilitet, byggegrunn, fylling, nye- og eksisterande støttemurar og oppfyllingar skal planleggast og utførast i samråd med geoteknikar/ingeniørgeolog.

- **Styring av ferdsel (§ 12-7 nr.12)**

Baneeigar skal etablere eit system for styring av ferdsel som går ut frå næratursona til anlegget. Systemet skal inkludere følgjande:

- Informasjon om sårbar natur til gjest i samband med billettering og turen med bana opp til fjellet
- Skilt og informasjon om vandruter i samsvar med sti- og løypeplan som retningsgivande plandokument
- Informasjon og formidling om sårbar natur i anlegga sine publikumsoner, f.eks. i kabin og i område ved av- og påstigning

Baneeigar skal drive overvaking av ferdsel i samband med si besøksforvaltning og vurdere verknadene denne har for sårbar natur. Kvar 3. måned skal resultat frå overvakinga rapporterast til kommunen og villreinnemnda i form av eit standardisert skjema som rapporterer

- tiltak utført av baneeigar for å styre ferdsel i samsvar med sti- og løypeplan
- antall gjester som nyttar bana
- antall gjester som nyttar langtursone
- rapporterte observasjonar av villrein og spesifikasjon av kvar eventuelle observasjonar har funne stad, herunder tilsette sine egne observasjonar og mottatte varsel om villrein i næratursona som vert vidarebrakt baneeigar

Kommunen i samarbeid med villreinnemnda, skal ta stilling til rapporteringa, og basert på ei heilskapsvurdering av konsekvensane for naturressursane i område, vurdere om det er behov for å iverksette tiltak.

Tiltak som kan vurderast dersom belastninga vert vurdert å vere for høg er:

- å pålegge baneeigar forsterka tiltak knytt til styring av ferdsel, f.eks. å etablere ordning med besøksvert i kabinen og på fjellet med formål om å orientere gjester om forbod om ferdsel til nærmare definerte område
- å pålegge baneeigar forsterka informasjonstiltak til sine gjester, f.eks i samband med billett kjøp (fysisk og digitalt)
- forbod mot telting i perioden 01.05-10.06
- forbod mot å medbringe utstyr for langtur, ski, kiting, sykkel, telt m.m. i perioden 01.05-10.06.

Kommunen kan gi pålegg om å stenge banen i inntil sju dagar samanhengande. Dette dersom kommunen vurderer at det er uakseptabel konflikt mellom banedrift, ferdsel og registrerte reinsdyr i nærområdet til Rossnos.

### **3. Føresegner for arealformål**

---

#### **3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)**

##### **BAS1, Annan særskilt angitt bebyggelse og anlegg - Område for botnstasjon:**

Kombinasjon av føremåla stasjonsbygg for taubane, forretning, hotell, tenesteyting, servering og turistformål.

Bygningar og anlegg som er del av Odda smelteverk sine produksjonslinjer og som er freda etter

---

kulturminnelova. Bygningane kan ha eit stort spekter av bruk og kan nyttast til turisme, næringsverksemd, forsamlingshus, messeområder, museumsdrift mm, så lenge dette ligg innafor vernevedtaket. Søknadspliktige tiltak, som kan påverke verneverdiane i området, skal klarerast med rette styresmakt for forvaltning av fredningsvedtaket i området, for å tilfredstille omsyn til verneverdiane knytt til Odda smelteverk.

Gjennom detaljprosjektering skal det dokumenterast at sikker byggegrunn er ivareteke.

Gjennom detaljprosjektering skal framleggast situasjonsplan som viser ferdig planlagde uteområde, i form av situasjonsplan, plan for handtering av overvatn, marksikringsplan og plan for sikring av anleggtrafikk.

Gjennom detaljprosjekteringa skal ein sikre at skisseprosjekt (Reiulf Ramstad arkitekter, 2022) vert nytta som retningsgivande plandokument.

Gjennom detaljprosjekteringa skal ein sikre at lysplan for Smelteverkstomta (Zenisk, 2015), vert nytta som retningsgivande plandokument.

Dokumentasjon skal følgje byggesak.

- Utnyttingsgrad er sett til 100 %-BYA.
- Det skal sikrast naudsynt tilkomst til bygget for drift og vedlikehald av taubana. Arealet der kabinane kjem inn i mot bygget skal sikrast for uvedkomande
- Det skal etablerast eige rom for avfallshandtering innanfor bygg, eller som eige bygg.
- Det skal etablerast tilstrekkeleg tal handicap-parkering i nær tilknytning til bygg.
- Det skal etablerast offentleg tilgjengelege parkeringsplassar for personbil, minimum 90 plassar i ein avstand innanfor 400 m til BAS1.
- Minimum 5 av parkeringsplassane for personbil skal vera utforma og merkt som HC-plassar, i ein avstand innafor 100 m til BAS1.
- Det skal etablerast parkeringsplassarfor turbussar, minimum 3 plassar i ein avstand 4 km til BAS1.
- Det skal etablerast sykkelparkering, minimum 30 plassar innanfor arealformålet o\_SGT1-3
- Areal til parkering er ikkje inkludert i utnyttingsgrad for BAS1.

### **BAS2, Annan særskilt angitt bebyggelse og anlegg - Område for mast:**

Området er regulert til mast for taubane. Mastetårnet kan oppførast med maksimal konstruksjonshøgde 70,0 meter på over ferdig planert terreng. Konstruksjonshøgde er fastsett ut frå 64,0 meter høgde på taubanenivå pluss 4 meter for komplett mastetårn pluss 2 meter margin.

### **BAA, Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål - Område for toppstasjon med tilhøyrande anlegg:**

Kombinasjon av føremåla stasjonsbygg for taubane, forretning, tenesteyting, servering og turistformål. Det kan etablerast stasjonsbygg for taubane med tilhøyrande lager- og sikringsbygg, helikopterlandingsplass, forretning, tenesteyting, servering og turistformål, samt sambinding mellom bygg og utsiktspunkt i terreng. Utnyttingsgrad for området er 4500m<sup>2</sup> BYA.

Byggetomt er geologisk undersøkt, og dokumentert som sikker byggegrunn. Gjennom detaljprosjektering skal det dokumenterast at sikker byggegrunn er ivareteke. Dokumentasjon skal følgje byggesak.

Alle bygg skal plasserast med høg grad av terrengtilpassing, og følgje eksisterande terreng.

Det tillatast ikkje planering i større utstrekning enn det som er nødvendig for etablering av tiltaket. Alle tiltak skal byggast slik at dei kan fjernast med minst mogleg spor. Ubygde delar av areal skal bevarast som naturområde.

Maks høgde på stasjonsbygg er sett til kote c+1429,0 moh. Kotehøgde er fastsett ut frå kotehøgde på plattform (boarding level c+1405,0 moh.) pluss forventa byggehøgde 19,0 meter pluss 5,0 meter margin.

Varden på Rossnos skal vera sikra i anleggs og driftsfase, og bevarast som udatert kulturminne.

Det kan etablerast utsiktsplass på tak for fjellstasjon.

Det kan etablerast solcelleanlegg på byggets tak og fasadeflater, som ein integrert del av bygning.

Det skal innanfor føremålet etablerast tydelege skilje mellom område som er opne for ferdsle og område der ferdsle skjer på eige ansvar. Det er høve til å setje opp gjerde, for å sikre område som er opne for ferdsle. Det kan etablerast gangsti/ramper og utsiktspunkt innanfor området, der delar av gangareal skal ha universell standard. Gangareal er ikkje medrekna i fastsett utnyttingsgrad.

Det kan etablerast VA-anlegg og anna teknisk anlegg innanfor område, i hovudsak i tilknytning til tilkomst/gangareal.

Gjennom detaljprosjektering skal det framleggast situasjonsplan som viser ferdig planlagde uteområde i form av situasjonsplan/landskapsplan, plan for handtering av overvatn, marksikringsplan og plan for sikring av anleggsområde, herunder midlertidig landingsplass for helikopter.

Gjennom detaljprosjekteringa skal ein sikre at skisseprosjekt (Reiulf Ramstad arkitekter, 2022) vert nytta som retningsgivande plandokument.

Situasjonsplanen skal omtale planlagt bruk av lys. Behovsstyrt belysning, nattsenkning og/eller skjerming av belysning skal gå fram av planen for å unngå uønskt påverknad i form av sjenerande strølys og opplevd lysforurensning.

### **BKB - Område for forretning, kontor og tjenesteyting**

Områda kan nyttast til forretning/kontor/tenesteyting i kombinasjon eller til eit av formåla eksklusivt, inngang skal plasserast mot dei mest sentrale gangaksane.

Det er krav om detaljreguleringsplan for BKB. Detaljreguleringa skal mellom anna avklare utforming av bygg, utomhusareal, bruk og omsyn til nærliggande kulturminne.

### **B1 og B2 - Område for bustadbebyggelse**

Områda B1 og B2 skal nyttast til bustadhus, frittliggjande einebustader og rekkehus. Regulert mønehøgde er maksimalt 8,5 meter målt frå ferdig planert terreng.

### **f\_BLK1 og f\_BLK2 - Område for leikeplass**

Område F\_BLK1 og f\_BLK2 skal nyttast til leikeplass for nærliggjande bustadbebyggelse

## **3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)**

### **Generelt**

Området regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur skal detaljprosjekterast med plan- og profildeikningar. Handtering av overvatn skal inngå i detaljprosjekteringa, og det skal i prosjekteringa takast høgde for framtidig auke i nedbør. Detaljprosjekterte samferdsleanlegg skal godkjennast av rett vegmynde før arbeid kan setjast i gong. Ved realisering av vegar og trafikkområde skal det leggjast særleg vekt på å få til trafikksikre løysingar, både for mjuke og harde trafikantar.

### **o\_SV1, Vegareal**

Trafikkområde o\_SV1 er eksisterande riksveg i samsvar med avsett trafikkareal i gjeldande reguleringsplan.

### **o\_SKV1-5, Køyreveg**

Områda SKV\_1-5 er interne vegar i Odda sentrum i samsvar med avsett trafikkareal i gjeldande reguleringsplan.

### **o\_SGT1-3, Gatetun**

Områda o\_SGT1-3 er regulert til gatetun. Områda skal opparbeidast med en kombinasjon av harde og mjuke flater, og holdast mest mogleg fritt for køyring, men kan ha HC-parkering og varelevering for byggeområda. Det kan leggast til rettes for sykkelvegar innanfor formålet, på bakgrunn av utarbeidde detaljerte byggjeplanar.

Der det vert etablert parkering under terreng for byggeområda kan ein også etablere parkering under gatetun for å kunne etablere større eller betre avgrensa parkeringsanlegg for fleire byggeområde samla.

Delar av gatetuna kan etablerast som leikeplassar og uteopphaldsareal.

I området o\_SGT2 kan det etablerast bygg med maksimalt grunnflate 100 m<sup>2</sup> BYA og ein etasje, til venterom, toalett mm i samband med kollektivhaldeplass (område o\_SKH1). Dette skal avklarast nærmare i byggjesak. Byggesaka skal sendast Vestland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren for uttale.

### **o\_SGS1-3, Gang/sykkelveg**

o\_SGS1 er turveg langs Opo, og turvegen skal knytast til stig-systemet på austsida av Opo (Mannsåker-Hjøllo-Ragde) og til sentrum.

o\_SGS2-3 er gang- og sykkelveg langs eksisterande, offentlege køyrevegar.

### **o\_SS, Sykkelveg**

o\_SS er sykkelveg og skal opparbeidast med detaljerte byggeplanar. Sykkelvegane skal vere eksklusive til bruk for syklande.

### **o\_SVT1-2, Anna veggrunn - tekniske anlegg**

o\_SVT1-2 er regulert til annan veggrunn – tekniske anlegg, og kan nyttast til trafikkøyer utforma som grønstruktur eller med fast dekke og tilpassa dei nærliggande områda.

#### **o\_SKH1, Kollektivhaldeplass**

o\_SKH1 er regulert til kollektivhaldeplass. Det kan oppførast servicebygg for kollektivanlegget med venterom, toalett mm. Dette bygget kan plasserast her eller i området o\_SGT2. Maksimal grunnareal på bygget er 100 m<sup>2</sup> BYA. Det er krav om detaljert byggeplan for å sikre gode overgangar til bygg og areal rundt kollektivhaldeplassen, i samband med byggesak. Byggesaka skal sendast Vestland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren for uttale.

#### **o\_SPP1, SPP2, Parkering**

o\_SPP1 er offentlege parkeringsplassane som skal etablerast etter prinsippa i plankartet og skal ha ei parkliknande utforming i samspel med områda rundt. Før det kan gjerast tiltak på parkeringsområdet skal det lagast ein detaljert byggjeplan som syner gode avkøyrslar og detaljert plassering av parkeringsplassane, materialbruk og plantar innafor arealet. Det er tillate å etablere samla parkeringsplass som går under fleire byggeområde, gatetun, grøntområde og trafikkareal for å skape gode parkeringsløyisingar, så lenge føremålet i planen er tilfredsstilt på areala over.

SPP2 er parkeringsplassar for nærliggjande bustadbebyggelse.

### **3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)**

#### **GT1, Grøntstruktur - turveg**

GT1 er område for turveg i form av opparbeidde stigar i samband med toppstasjonen. I arbeid med tilrettelegging av tursti skal det takast særleg omsyn til landskap og vegetasjon i området. All tilrettelegging av gangareal skal etablerast med enkle tiltak utan behov for sprenging i terreng. Ved etablering av rampe, skal dette gjerast med enkle fundament/pelar.

Det skal innanfor føremålet etablerast tydelege skilje mellom område som er opne for ferdsle og område der ferdsle skjer på eige ansvar. Det er høve til å setje opp gjerde, for å sikre område som er opne for ferdsle. Det kan etablerast gangsti/ramper og utsiktspunkt innanfor området, der delar av gangareal skal ha universell standard.

Det kan tillatast preparering av skiløype i arealformålet og opptil 50 meter til sida for denne, forutsett at preparering skjer med beltegåande køyrety på snødekt og frosen mark.

#### **GTD, Grønstruktur - turdrag**

Føremålet skal nyttast til etablering av opparbeidd og skilta tursti og/eller snarveg gjennom området. Det er høve til å gjennomføre terrengtiltak, inkludert bygging av anleggs- og driftsveg for mastepunktet ved Ragde. I anleggsperioden må ein setje opp mellombels skilting.

#### **o\_GF, Grønstruktur - friluftsområde**

o\_GF er område som skal bryte opp den urbane utforminga med vegetasjon. Området kan nyttas til rekreasjon og leik. Bygg og anlegg som ikkje er til hinder for, men styrker bruken av området som grøntstruktur, kan oppførast etter godkjent byggeløyve.

### **o\_GKG1-3 Kombinert grønstrukturformål - grønstruktur kombinert med parkanlegg**

o\_GKG1-3 er ei vidareføring av tidlegare regulert område for kombinert grønstruktur-/parkanlegg. Området kan opparbeidast og nyttas til grønstruktur, festival- og messeområde med scene, utstillingsflate, friareal og tekniske anlegg som er naudsynt for bruk av grønstrukturen i eit urbant miljø, og der området skal gis eit grønt/parkmessig preg og utforming. Det er ikkje lov med installasjonar/tiltak som er i konflikt med trase for taubane.

## **3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)**

### **LNA1-3, landbruks-, natur- og friluftformål, samt reindrift - naturformål**

LNA1-3 er område som vidarefører bruk som landbruks-, natur- og friluftformål, samt reindrift. Det er ikkje lov med installasjonar/tiltak som er i konflikt med trase for taubane.

### **LF1-2, landbruks-, natur- og friluftformål, samt reindrift – friluftformål**

LF1-2 er område som vidarefører bruk som landbruks-, natur- og friluftformål, samt reindrift - friluftsområde. Området skal vere tilgjengeleg og nyttbart for ålmenta. Det er høve til å gjennomføre terrenginngrep, dersom dette gangar friluftformålet. Det er høve til å gjennomføre skjøtselstiltak i samråd med grunneigar, etter at det føreligg ein samla plan for utforming av terreng- og skjøtselstiltak.

### **LN1-2, landbruks-, natur- og friluftformål, samt reindrift – naturvern**

LN1-2 er område som vidarefører bruk som landbruks-, natur- og friluftformål, samt reindrift - naturvernområde. Bruken av arealet skal avgrensast gjennom plan for overvaking av tiltakets verknad for naturmangfald, jf. rekkefølgekrav i 6.2. som gjev restriksjonar for m.a. ferdsel. Eventuelle tiltak skal setjast i verk dersom undersøking og overvaking visar at arealbruken har for store negative konsekvensar for naturmangfald.

I arealformålet LN1-2 avgrensa av eit belte på opptil 50 meter til sida for turvegen i GT1 kan det tillatast preparering av skiløype, forutsett at preparering skjer med beltegåande køyrety på snødekt og frosen mark.

## **3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)**

### **V1, Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone - Opo**

Det er ikkje tillate å gjere tiltak i elvestrengen som kan vere ein trussel mot dyrelivet, særskild knytt til bestanden av anadrom laksefisk. Det kan likevel gjennomførast naudsynte tiltak knytt til kryssingar for samferdsletiltak eller førebygging mot flaumskader. Tiltaka skal likevel gjennomførast på ein slik måte, og på eit tidspunkt, der risiko for negative konsekvensar for dyreliv i elva er minst. NVE skal godkjenne søknadspliktige tiltak i elva. I samband med gjenoppbygging av gangveg langs Opo i regi av NVE og Odda kommune kan ein gjere tiltak i areal som er definert som sjø og vassdrag i denne planen, som del av forebygging og tilrettelegging for ålmenta. Slike tiltak skal avklarast i byggesak. Det er ikkje lov med installasjonar/tiltak som er i konflikt med trase for taubane.



## 4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

---

### 4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H140, H210, H220, H310\_1-12, H320)

#### H130 – Sikringssone transport

I sikringssone H130 er det krav om minsteavstand, 20 meter frå senterline taubane til høgste punkt som bygg, konstruksjonar eller andre anlegg som inneber brannrisiko på bakkenivå. Naudsynt uttak av tre i taubanetrasseen er tillate.

#### H140\_1-3 - Frisiktsoner

I frisiktsoner i planen er det ikkje tillete å oppføre tiltak som er høgare enn 0,5 meter over plan til tilstøytande vegar. Dette gjeld ikkje tiltak som er i samsvar med Statens Vegvesen sine til ei kvar tid gjeldande handbøker.

#### H210 og H220 - Støysoner

I støysonen for raud og gul sone skal alle tiltak tilfredstille det til ei kvar tid gjeldande regelverk knytt til støy.

#### H310\_1-12 – Faresoner skredfare

Tiltak innanfor omsynssone H310\_1-12 skal oppfylle tryggleikskrav i TEK17 §7-3. Byggverk og tilhøyrande uteareal skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot skred, derunder sekundærverknader av skred, slik at største nominelle årlege sannsynlighet jf. gjeldande sikkerheitsklassar, ikkje overskridast.

Dersom det vert utført hogst eller uttak av skog i taubanetrase, som kan påverke skogen sin verdi som vernskog mot skred, må det gjennomførast ny skredfarevurdering i område.

- H310\_1-4 er omsynssone for skred, der årleg nominelle sannsyn for skred er større enn 1/100. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3.
- H310\_5, er omsynssone for skred, der årleg nominelle sannsyn for skred er større enn 1/1000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3.
- H310\_6-7 er omsynssone for skred, der årleg nominelle sannsyn for skred er større enn 1/5000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3.
- H310\_8-11 er aktsemdssone skred frå NVE. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak inntil reell skredfare er vurdert, og tilfredsstillande sikker byggegrunn, jf. TEK17 § 7-3, er dokumentert.
- H310\_12 er aktsemdssone skred (flodbølge i Sørfjorden S3). Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak inntil reell skredsannsynlegheit og volum er vurdert, og tilfredsstillande sikker byggegrunn, jf. TEK17 § 7-3, er dokumentert.

#### H320 – Faresone flaumfare

Tiltak innanfor omsynssone H320 skal oppfylle tryggleikskrav i TEK17 §7-2. Byggverk skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot flaum slik at største nominelle årlege sannsynlegheit jf. gjeldande sikkerheitsklassar, ikkje overskridast.

## **4.2 Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c) (sone H730)**

### **H730 – Omsynssone for bevaring av kulturmiljø (§ 11-8 c)**

Eksisterande bygg Skalltaket er freda for å sikre eit industrielt kulturminne med internasjonal og nasjonal verdi. Innanfor omsynssone for bevaring av kulturmiljø er det ikkje tillate med tiltak som gjev negativ påverknad på det freda Skalltaket, Askeladden ID 127142-3. Dei eksisterande bygga i området skal takast vare på, men kan vidareutviklast så lenge dette samsvarar med vernet. Alle tiltak skal planleggast og utførast med høg arkitektonisk og kulturminnefagleg kompetanse, og i dialog med kulturminnestyresmaktene.

## **5. Føresegner til føresegningsområde**

---

### **5.1 Føresegner til føresegningsområde (område #1-2)**

#### **Føresegningsområde #1 -2**

Innanfor område markert med midlertidig anleggs- og riggområde #1-2 kan naudsynte inngrep og anleggsarbeid gjennomførast for tilkomst for bygging av BAS3. For areal omatta av GTD skal anleggs- og driftsvegen ligge permanent, men bruken skal vera avgrensa til naudsynt anleggs- og driftsoppgåver, og elles bruk som turdrag. Skåningsutslag og terrenginngrep ut over anleggs- og driftsvegen skal stellast gjennom bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering. Etter avslutta anlegg opphøyrer midlertidig føresegningsområde og opprinneleg arealbrukskategori gjeld.

## **6. Rekkjefølgjeføresegner**

---

### **6.1 Før rammeløyve**

Før det vert gjeve løyve etter plan- og bygningslova §20-1, må naudsynte, avbøtande sikringstiltak, og tilstrekkeleg sikkerheit for byggverk i den aktuelle sikkerheitsklassen, jf. TEK17 §7-3 andre ledd, vera oppnådd.

Området regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur skal detaljprosjekterast med plan- og profildeikningar, og skal leggast ved søknad om rammeløyve for tiltak i område BAS1.

Godkjent teknisk plan for vatn og avløp med løysing for sløkkjevatt, skal leggast ved søknad om rammeløyve for tiltak i område BAS1. Planen vert godkjend av avdeling for vann og avløp i kommunen, og må være utarbeidd i tråd med gjeldande kommunale retningslinjer for tekniske planer. Behov for- og løysing for slukkevann må være basert på brannteknisk prosjektering.

Godkjent tiltaksplan for handtering av forureina massar skal liggje føre før det kan verte gitt rammeløyve for tiltak i område BAS1.

### **6.2 Før igangsetjingsløyve**

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for taubane og tiltak innanfor område BAS2 og BAA skal plan for overvaking av tiltakets verknad for naturmangfald; som omfattar planområdet (nærtursonen), dagstursonen og langtursonen, utarbeidast i dialog med Ullensvang kommune. Planen skal gje nærare retningslinjer generelle føresegner om styring av ferdsel, jf. føresegnene i kap. 2. Styring av ferdsel.

Plan for brann og beredskap samt situasjonsplan/landskapsplan, plan for handtering av overvatn, marksikringsplan og plan for sikring av anleggsområde, herunder midlertidig landingsplass for helikopter skal framleggast før det vert gjeve igangsetjingsløyve for taubane og tiltak innanfor område BAS2 og BAA.

Situasjonsplan for tilkomst, opparbeiding og bruk av uteområde skal ligge føre før det vert gjeve igangsetjingsløyve innanfor BAS1.

Løysing for renovasjon skal ligge føre før det vert gjeve igangsetjingsløyve innanfor BAS1 og BAA.

### **6.3 Før bygning/anlegget blir teken i bruk**

Tiltak som er naudsynt for brann og beredskap samt omsøkte tiltak vist i situasjonsplan/landskapsplan, plan for handtering av overvatn skal vera gjennomført før det vert gjeve bruksløyve for taubane og tiltak innanfor områda BAS2 og BAA.

Tiltak som er naudsynt for å handtere avfall frå toppstasjon og pendelbane, vist i situasjonsplan/landskapsplan skal vera gjennomført før det vert gjeve bruksløyve for tiltak innanfor områda BAS2 og BAA.

Tiltak som er naudsynt for tilkomst, opparbeiding og bruk av uteområde, samt naudsynt parkeringsdekning iht. føresegn til arealformålet BAS1, skal ligge føre før det vert gjeve bruksløyve innanfor BAS1.

Parkområda GKG1-GKG3 skal vere opparbeidd med gode kvalitetar før det vert gjeve bruksløyve innanfor BAS1. Detaljutforming av GKG2-3 skal avtalast med grunneigar og basere seg på konseptskisser utarbeidd av Snøhetta (2021).

## **Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene**

---

### **Juridisk bindande dokument**

Plankart, datert 02.06.2022

Føresegner, datert 08.06.2022

### **Retningsgivande dokument**

- Skisseprosjekt – Rossnos og Skalltaket, datert 20.01.2022
- KU Alternativvurderinger etter KU-forskrifta § 19, 27.05.2022
- KU Naturressursar, datert 01.10.2021
- KU Kulturmiljø, datert 18.02.2022
- KU Friluftsliv, datert 24.01.2022
- KU Naturmangfald, datert 08.10.2021
- Villreinutgreiing, datert 01.10.2021 m/tilleggsnotat, datert 01.03.2022
- KU Landskap, datert 24.05.2022
- KU Samfunnsverknader - forretningside og ringverknader, datert 18.01.2022
- KU Samfunnsikkerheit (ROS-analyse), datert 28.05.2022
- Trafikk- og parkeringsanalyse Hardanger lift, datert 30.09.2021
- Skredfarevurdering, datert 20.09.2021
- Aktsomhetssone Sørfjorden, dok. Nr. 202220095-01-TN, datert 11.03.2022
- Brannteknisk notat for toppstasjon/restaurantbygg, persontryggleik, 28.05.2022
- Geoteknisk notat bunnstasjon Odda Hardanger lift – Skalltaket 06.01.2021
- Befaringsnotat mastepunkt, datert 16.08.2021

- Geological assessment Odda skylift top station – 01.10.2021
- Moglegheitsstudie for grunnvassuttak, datert 23.12.2021
- Foreløpig VA-plan - Rossnos, datert 27.05.2022
- Juridisk utgreiing «Rettslige styringsmidler for regulering av ferdsel», datert 28.02.2022
- Plan for styring av ferdsel – avbøtande og verdiskapande tiltak med omsyn til naturverdiane i området, datert 27.02.2022
- Berekraftstrategi Hardanger Lift, datert 14.02.2022
- Vedtak om dispensasjon og vilkår - Skaltaket - Odda smelteverk - Ullensvang kommune - gnr 59 bnr 128 - oppføring av bygningar og konstruksjonar under Skaltaket, datert 16.11.2021
- Attendemelding etter utført arkeologisk registrering, datert 15.10.2021